

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: veke 33

Stad: E-post

Saka var teken opp som ei justering av opplegget som var vedteke i sak 21/22 i fjellstyremøtet den 7. juni. Berre punktet om dagskvote per jeger vart endra.

Sak 26/22. Småviltjakta 2022 – jakttid, tal jaktkort, dagskvote m.m.

Saksopplysningar var utsende per e-post.

Samrøystes vedtak:

- Jakttida for jakt på rype og hare i Aurland statsallmenning for jaktåret 2022/2023 vert 25.9. – 23.12. Jakt på hare kan i tillegg føregå i tida 1.1. - 28.2. For andre artar, som rev, ramn, mår, røyskatt m.fl. gjeld jakttidene som er fastsette av staten.
- Dagskvoten vert fastsett til **1 rype per jeger** (gjeld for kvar kalenderdato, kan ikkje flytta «ubrukt» kvote frå ein dag til neste, eller mellom jegerar).
- Talet på kort som vert lagde ut for sal til utanbygdsbuande jegerar gjennom Inatur.no med salsopning 1. september kl. 09.00 vert sett til 75, fordelt slik:
 - 20 dagskort
 - 20 todagarskort
 - 15 tredagarskort
 - 10 vekekort
 - 10 sesongkort
- I tillegg vert det lagt ut 10 dagskort på Inatur med salsopning 1. oktober.

I tillegg til tala ovanfor, kjem sal av jaktkort til innanbygdsbuande jegerar gjennom fjellstyrekontoret.